



Hordaland fylkeskommune - næringsseksjonen
v/Marta Rongved Dixon
Agnes Mowinckels gt 5
5020 BERGEN

Dato: 05.08.2015
Vår ref.: 2015/3292-6
Saksbehandlar: mardixo
Dykkar ref.:

Tilsegn om tilskot på inntil kr 300.000 til Forskjingsprosjekt Sustainable Cruise - Tilsegn 088-2015

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 04.08.2015, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til prosjektet frå budsjettet for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 1. desember 2017. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Cruiseturismen er i kraftig vekst, og mange stader på Vestlandet er attraktive reisemål. Norge stadfesta i 2013 posisjonen som Europas fjerde største cruisedestinasjon. Våren 2013 lyste Regionalt forskingsfond Vestlandet ut prosjektmidlar til forskning knytt til viktige spørsmål for reiselivet på Vestlandet. Cruise var særleg prioritert. Det var peika på eit stort behov for å samle dei ulike interessene i reiselivsnæringa og etablere eit breitt samarbeid mellom forskingsmiljøa for å klargjere kunnskapsgrunnlaget for vidare arbeid med cruiseturisme på Vestlandet. Det breie samarbeidet skulle etablere felles og meir komplett datagrunnlag med høg truverdighet og kvalitet.

Det viste seg å være uråd å skaffe til veie nok privat deltaking i prosjektet til å vidareføre prosjektet som eit bedriftsprosjekt. Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland har derfor gått inn som offentlege aktørar og prosjektet er endra til eit offentleg forskingsprosjekt.

Prosjekt mål

Hovudmålet er å analysere føresetnadene for ein berekraftig og lønsam cruisetrafikk i Norge, inklusiv klargjere alternativ for å utvikle cruisesektoren på ein måte som integrerer og balanserer både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn.

Målet er operasjonalisert gjennom fire hovudgrupper av forskingsspørsmål som også gir dei viktigaste aktivitetane i løpet av prosjektperioden:

1. Destinasjonar og distribusjon av trafikk

Kva er besøksintensiteten i cruisehamnene langs Vestlandskysten? Når, kvar og kor mange besøkande i dag, og kva kan situasjonen bli i framtida gitt utbyggingsplanar og attraksjonskraft i dei ulike destinasjonane?

2. Økonomi og lokal verdiskaping

Kva er forbruksmønsteret i dag og korleis er dette fordelt i tid og for destinasjonar? Korleis er fordelinga mellom lokale, nasjonale og internasjonale interessentar? Korleis er verdiskapinga fordelt mellom by og land? Kva faktorar påverkar forbruksnivået og påverkar cruiseturismen landturismen?

3. Berekraftig reiselivsutvikling

Korleis kan framtidig utvikling stimulere lokal involvering og påverknad, auka lokal verdiskaping og utvikling i lokale småsamfunn? Kva er kostnadene med miljøeffektar og kva er muleg tiltak for å redusere miljøeffektar? Kva er effekten av cruise for andre lokale og regionale reiselivsaktivitetar?

4. Framtidige behov

Kva er dei viktige drivarane i framtidig utvikling av cruisenæringa? Korleis kan sektoren bli utvikla i samarbeid med innovasjonar i tenester og produkt hjå landbasert reiseliv og med spreing av besøkande i tid og rom?

Involveringa og dialogen med reiselivsnæringa vil vere knytt til 4 ulike mekanismar:

1. Prosjektet vil ha ei styringsgruppe sett saman av prosjektpartnerane som bidreg økonomisk.
2. Prosjektet blir strukturert og gjennomført med 4 arbeidspakker (hovedaktivitetar). Ved avslutning av kva arbeidspakke og oppstart av neste vil det bli gjennomført eit milepel-møte der alle involverte partnerar blir invitert for å drøfte status, resultat og deltaljing av vidare aktivitet.
3. I løpet av prosjektperioden vil det bli arrangert ein større formidlingskonferanse der resultat og funn blir presentert og drøfta i eit breiare forum.
4. Planlagde forskingsaktivitetar vil involvere ein serie kartleggings- og intervjuaktivitetar med næringa og andre relevante aktørar.

Bedrifter, som er med i prosjektet, vil dermed både få førstehands kjennskap og innsikt i eit stort og omfattande prosjekt på eit område med stor betydning for reiselivet på Vestlandet, og dei vil få ei rekkje kontaktpunkt der dei kan gje innspel for å sikre mest muleg relevans av forskingsarbeidet for næringa.

Aktiviteter

Sjå vedlegg

Tidsplan

Delmål 1: Destinasjonar og distribusjon av trafikk - august 2015 - desember 2015

Delmål 2: Økonomi og lokal verdiskaping - august 2015 - mai 2016

Delmål 3: Berekraftig reiselivsutvikling - mai 2015 - august 2016

Delmål 4: Framtidige behov - juni 2016 - juni 2017

Organisering

Prosjekteigar: Hordaland fylkeskommune - Næringsseksjonen
Organisasjonsnr.: 938 626 367

Prosjektleiar: Vestlandsforskning - Stefan Gossling
Epost: sgo@vestforsk.no

Prosjektorganisering:

Prosjektansvarleg: Hordaland fylkeskommune, v/næringsseksjonen - Mette Nora Sætre
Administrativt ansvarleg: Hordaland fylkeskommune, v/næringsseksjonen - Marta Rongved Dixon
Prosjektleiar: Stefan Gøssling, Stiftinga Vestlandsforskning
Kontaktperson FoU: Ivar Petter Grøtte, Stiftinga Vestlandsforskning

Samarbeidspartnarar:

Stiftinga Vestlandsforskning, Transportøkonomisk institutt, Universitetet i Stavanger, Samfunns- og næringslivsforskning AS, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune

Forankring i HNH

Prosjektet er forankra i hovudstrategi 2 i HNH, Fleire med relevant kompetanse.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 300 000

Søknadsbeløp: 300 000

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Administrasjon	200 000	200 000	200 000			600 000
SNF - NHH	300 000	300 000	550 000			1 150 000
Transportøkonomisk institutt	400 000	400 000	400 000			1 200 000
Universitetet i Stavanger	300 000	300 000	550 000			1 150 000
Vestlandsforskning	600 000	600 000	700 000			1 900 000
Sum kostnad	1 800 000	1 800 000	2 400 000			6 000 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
FoU partane eigeninnsats	200 000	200 000	200 000			600 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	300 000					300 000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	300 000					300 000
Næringsaktørar innskot	500 000	500 000	500 000			1 500 000
Regionalt forskingsfond Vestland	3 000 000					3 000 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	300 000					300 000
Sum finansiering	4 600 000	700 000	700 000			6 000 000

3. Vilkår for tilskotet*Generelle vilkår:*

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 5,0 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet vil verte publisert på www.hordaland.no/Vi-fekk-tilskot
- Hordaland fylkeskommune deltek i styringsgruppa for prosjektet.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Årsrapportering (for fleirårige prosjekt)

- Tilsegnsmottakar skal sende ein årsrapport til fylkeskommunen pr. **1. mars kvart år**, så lenge prosjektet pågår.
- Årsrapportering gjerast etter mal, sjå www.hordaland.no/rapportering

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **5,0 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 300 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i www.regionalforvaltning.no. Dette må skje innan -.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Alt. 1: Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føreset.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok i mot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Marta Rongved Dixon
Epost: marta.dixon@hfk.no
Telefon: 55239316

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Prosjektnamn: Forskingsprosjekt Sustainable Cruises
Tilsegnsnr.: Tilsegn-088-2015 **Løyvd beløp:** 300 000
Vår ref. (arkiv): 2015/3292

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Hordaland fylkeskommune - Næringsseksjonen

Postadresse: Agnes Mowinckels gt 5, 5020 BERGEN

Org.nr.: 938 626 367

Kontaktperson: Marta Rongved Dixon

Telefon: 55239316 **Mobil:** 91143674

E-post: marta.dixon@hfk.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Marta Rongved Dixon

E-post: marta.dixon@hfk.no

Telefon: 55239316

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen Eller på epost til sakshandsamar: marta.dixon@hfk.no
--

